Vil sletta ut ryggar med elvemasse

10.04.2010

Hans Reidar Kjærland har søkt kommunen om løyve til å sletta ut nokre ryggar med elvemasse som i dag ligg på det dyrka arealet på Leite. Han har fått slikt løyve.

Ryggane fører til at det i turre somrar ikkje vert avling i dette området.

I samband med at enga i år lyt fornyast ynskjer Kjærland å sletta ryggane og leggja på noko jord som ligg lagra etter masseuttaket for nokre år sidan.

I samband med dette masseuttaket av stein stadfesta fylkeskommunen at det ikkje var kulturminne i området som ville koma i konflikt med tiltaket.Løyve er gjeve på tidlegare vilkår av 2006 frå fylkeskommunen.